



Kyrkjevalet som fann stad i Aktivitetshuset samstundes med kommunestyre- og fylkestingsvalet har ikkje gitt nokon stor auke i frammøteprosenten. Dei offisielle tala føreligg ikkje enno, men det vart avgjeve 122 røyster medan røystetalet sist var 112. Då var det 739 røysteføre medan talet no var 721. Det skulle bety auke med eitpar prosent i frammøtet - frå 15 til 17

Kyrkjevalet som fann stad i foajeen i Aktivitetshuset vart avvikla av soknerådet, som delte seg i tre i samband med avviklinga. Det var heile tida 3 til stades. Dei gjennomførte eit solid serviceopplegg med servering og orientering til kvar enkelt om det som skulle skje. Soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen er godt fornøgd med resultatet og opplyser at materialet frå valet blir levert til kyrkjekontoret i morgon. Kven som er valt vil ikkje bli klart før om nokre dagar. På biletet har valet starta i Aktivitetshuset i morgontimane i dag.

Foto: Ola Matti Mathisen